

MØTEINNKALLING

Utval: Kontrollutvalet i Lærdal kommune
Møtedato: 27.4.2020 kl. 12:30
Møtestad: Rådhuset – kommunestyresalen

SAKLISTE

8/2020 Godkjenning av møtebok
9/2020 Skriv og meldingar – saker til oppfølging
10/2020 Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2019 for Lærdal kommune
11/2020 Oppfølging i høve til plan for forvaltningsrevisjon

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Richard Nesheim, tlf: 95 26 13 18 eller e-post richard.nesheim@pwc.com.
Varamedlemar møter etter nærare avtale.

Lærdal, 20.4.2020

Njål Kaardal Golf
Leiar (sign)

Richard Nesheim
Sekretariat

Kopi:
Ordførar
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 8/2020 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 27.4.2020	Sak nr 8/2020
---	------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 27.2.2020 vert godkjent.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	27.2.2020		Møtebok frå møtet 27.2.2020

Kontrollutvalet i Lærdal kommune**Møtebok****Møtedato:** 27.2.2020**Møtetid:** 09:00 – 13:00**Møtestad:** Rådhuset – formannskapssalen**Saksnr.:** 1/20 - 7/20

Følgjande medlemer møte	Parti
Njål Kaardal Golf	Sp
Britt Bruflot Gram	Sp
Jens Rikheim	SV
Egil Natvik Vestrheim	AP
Guri Olsen	H

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møte	Parti

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møte

Møteleiar:	Njål Kaardal Golf
Frå sekretariatet møte:	Richard Nesheim
Frå kommunen møte:	Konstituert rådmann Lars Bogstad, Fungerande leiar i LNU Ole Ramshus Sæhlthun
Frå revisjonen møte:	
Utdelt i møte:	Rettleiing ved søknad om tilskot frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet i Lærdal kommune

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Gradering:	Ope/unnateke off.
1/2020	Godkjenning av møtebok		O
2/2020	Skriv og meldingar – saker til oppfølging		O
3/2020	Forvaltningsrevisjonsrapport – internkontroll og innkjøp i teknisk drift		O
4/2020	Orientering om budsjett for kontrollutvalet for 2020		O
5/2020	Årsmelding for kontrollutvalet for 2019		O
6/2020	Selskapskontroll SIMAS		O
7/2020	Oppfølging i høve til plan for forvaltningsrevisjon		O

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 1/2020 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	27.2.2020	1/2020

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå møtet 28.11.2019 vert godkjent.

27.2.2020 KONTROLLUTVALET

KON-1/20 VEDTAK:

Møteboka frå møtet 28.11.2019 vert godkjent.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 2/2020 Skriv og meldingar – saker til oppfølging

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 27.2.2020	Saknr 2/2020
----------------------------------	-----------------------	-----------------

Refererte skriv og meldingar:

Skriv med kopi til kontrollutvalet:

Nr.	Dok. Dato	Avsender	Tittel
1	21.01.2020	Skatteoppkrevjaren i Lærdal	Årsrapport for 2019

Skriv til orientering for kontrollutvalet

Nr.	Dok. Dato	Avsender	Tittel
2		Forum for kontroll og tilsyn	Program og påmeldingsskjema til kontrollutvalgslederskolen 21. - 22. april 2020
3		Forum for kontroll og tilsyn	Invitasjon til fagkonferanse – Gardermoen 3. og 4. juni 2020
4	05.12.19	Administrasjonen	Oversikt til administrasjonsutvalet 5.12.19 over utvikling i sjukefråværet med vidare
5	12.12.19	Lærdal kommune - kommunestyret	Vedtak i sak 98/19 i kommunestyret – overføring av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane
6	12.12.19	Lærdal kommune - kommunestyret	Vedtak i sak 85/19 i kommunestyret – Budsjett for Lærdal kommune 2020
7	Februar 20	Sekretariatet	Utkast til opplegg for arbeidsmøter i samband med kontrollutvalet sitt arbeid med risiko- og vesentlegheitsvurderingar

Framlegg til vedtak:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

27.2.2020 KONTROLLUTVALET

Drøftingssaker:

1. Kontrollutvalet drøfte kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen i neste møte

Orienteringar i møtet:

1. Rådmannen orienterte om fylgjande saker:

1 a. Status på sjukefråvær i januar 2020.

Det er høgt sjukefråvær innan pleie og omsorg. Fagforeiningane har sagt opp turnusavtalen. Ein har ikkje fått på plass årsturnus. Dette betyr at ein må forhandle ny turnus som skal gjelde frå mai 2020. For å avlaste situasjonen har ein no på kort sikt måtte leige inn 2 vikarar fram til over sommaren.

1 b. Status på KOFA-saka

Endeleg avgjerd frå KOFA er ikkje komen, men vil truleg ligge føre i løpet av forholdsvis kort tid.

1 c. Personalsak innan pleie og omsorg

1 d. Førebels rekneskap for 2019

Førebels resultat viser eit mindreforbruk på 6,8 mill. kr. Dette er etter budsjettert avsetjing til disposisjonsfond. Avsetjing til fond var i budsjettet for 2019 budsjettert med om lag 3,2 mill. kr. Det betyr at ein vil kunne styrke disposisjonsfondet med nær 10 mill. kr dersom det ikkje vert endringar i resultatet.

2. Fungerande leiar i LNU orienterte om LNU og korleis ein arbeider med tildeling av midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet.

Leiaren gjekk gjennom vedtektene til fondet som seier kva ein skal legge vekt på når ein tildeler frå fondet. Vidare vart det orientert om budsjettet for 2020. Det vart vist døme på eit tilskotsbrev. Tilskot vert typisk gitt til ein prosentdel av godkjende kostnader. Før sluttutbetaling må søkjar legge fram sluttrekneskap som viser at prosjektet er gjennomført som skissert i søknaden i høve oppførte kostnadselement og finansiering av desse. Det er høve til å trekke tilbake utbetalt tilskot dersom søkjar legg ned drifta, eller flyttar frå kommunen i løpet av to år etter utbetaling.

Kontrollutvalet gav innspel om at ein bør legge inn som eit standardvilkår at dersom søkar treng løyve/autorisasjon for å starte verksemd, må dette vere på plass før tilskot vert utbetalt.

3. Sekretariatet orienterte om skisse til opplegg for gjennomføring av vurdering av risiko og vesentlegheit som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon.

Det vart orientert om at kontrollutvalet kan bruke sekretariatet til å gjere denne jobben, innanfor gjeldande avtale. Alternativt kan kontrollutvalet kjøpe denne tenesta frå revisor.

KON-2/20 VEDTAK:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande.

Til neste møte ynskjer kontrollutvalet ei nærare orientering frå administrasjonen om følgjande saker:

1. Ei orientering om status på pågåande utbygging av VA-anlegg i kommunen – held ein framdriftsplanar for gjennomføring og er ein innanfor budsjett?
2. Ein tilstandsrapport for dei kommunale vassverka.
3. Ein oppdatering av status på sjukefråværet i kommunen
4. Status på saka som ligg i KOFA
5. Ein oversikt over vedtaka i kommunestyret i 2019 og orientering om i kva grad vedtaka er gjennomført

Kontrollutvalet vil nytte sekretariatet til å gjennomføre risiko- og vesentlegheitsvurderingar og bistå med utarbeiding av utkast til planar for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet vil vere aktivt med i arbeidet og delta i informasjonsinnhentinga. Kontrollutvalet vil kome tilbake til denne saka, men ser føre seg at ein har samtaler med politisk og administrativ leiding, gruppeleiarar og tillitsvalte m.v. i oktober i samsvar med skissa til opplegg som vart presentert i møtet.

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 3/2020 Gjennomgang av forvaltningsrevisjonsrapport om internkontroll og innkjøp i teknisk drift

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	27.2.2020	3/2020

Framlegg frå sekretariatet:

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Innleiinga knytt til omtalen av rapporten er i møteboka ikkje referert på nytt i innstillinga. Sjå vedtaket.

Tilråding frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til konklusjonen frå forvaltningsrevisjonen. Resultatet av forvaltningsrevisjonen viser at det er stort rom for forbetring i høve til organisering for å sikre god internkontroll i eininga. Det er og vist til brot på regelverket om offentlege anskaffingar.

Kontrollutvalet vil rå til at tilrådingane i rapporten vert følgt opp og sett i verk i det vidare arbeidet med å sikre kvaliteten i internkontrollarbeidet i kommunen, samt for å sikre at kommunen føl regelverket for offentlege innkjøp i kommunen. Kontrollutvalet har merka seg at rådmannen i sitt høyringssvar sluttar seg til dei konklusjonar og tilrådingar som går fram av rapporten.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet med å følgje opp tilrådingane og vil be om ein statusrapport hausten 2020.

27.2.2020 KONTROLLUTVALET

I møtet vart rapporten presentert av forvaltningsrevisor Kjersti Gjuvsland i Deloitte, via videokonferanse. Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål til revisor. Deretter drøfta kontrollutvalet saka og stilte og spørsmål til rådmann. Basert på drøftinga var det semje om å legge til 2 punkt i vedtaket frå kontrollutvalet, som skal sendast over til kommunestyret.

KON- 3/20 VEDTAK:

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå Deloitte.

I denne forvaltningsrevisjonen har Deloitte undersøkt om eininga teknisk drift i Lærdal kommune tilfredsstillar grunnleggjande krav til internkontroll, og om organisering av og system og rutinar for innkjøps-arbeidet i eininga er føremålstenleg og i samsvar med lovar, reglar, kommunen sin fullmaktstruktur, samt eventuelle politiske føringar i kommunen.

Hovudkonklusjonen til revisor er følgjande:

Kommunen har innført kvalitetssystemet Compilo, men systemet er ikkje i tilstrekkeleg grad tatt i bruk i eininga teknisk drift.

Det er oppretta mål for tenestene som inngår i eininga, men desse er i liten grad operasjonaliserte. Kommunen har ikkje etablert tilstrekkeleg formalisert og kjend fordeling av ansvar, mynde og oppgåver, og det er i eininga ikkje eit overordna system for å etablere skriftlege rutinar.

Det er ikkje utarbeidd rutinar eller anna i kommunen som tydeleggjer kva som blir rekna som avvik som skal meldast i Compilo. Det er heller ikkje etablert system eller rutine for å diskutere avvik som er meldte i eininga eller for å gjere overordna analysar av meldte avvik. Lærdal kommune har ikkje etablert skriftleg rutine for kor ofte og kva som skal rapporterast frå einingane. I eininga teknisk drift er det ikkje etablert formelle møtepunkt mellom einingsleiar og fagleiarane i eininga.

Etter revisjonen si vurdering er arbeidet med innkjøp i eininga teknisk drift på fleire område ikkje tilfredsstillande. Det er utfordringar knytt til både prosessar, rutinar og regeletterleving i innkjøpsarbeidet.

Økonomireglementet og innkjøpsreglementet med vedlagte protokollar, er ikkje revidert sidan høvesvis 2001 og 2012, og er dermed ikkje i samsvar med gjeldande regelverk om offentlege anskaffingar. Vidare er det ikkje samsvar mellom den formelle oppgåvedelinga knytt til innkjøp slik denne er skildra i innkjøpsreglementet, og den faktiske ansvars- og rolledelinga i kommunen.

Innkjøpskompetansen er heller ikkje tilstrekkeleg, verken i sentraladministrasjonen eller i eininga teknisk drift. Kommunen har ikkje rutinar som sikrar opplæring i innkjøp, og det

føreligg ikkje opplæringsplan på dette området. Kommunen gjennomfører heller ikkje i tilstrekkeleg grad interne kontrollar for å avdekke brot på regelverk for offentlege innkjøp.

Revisjonen har gjennomgått eit utval innkjøp som eininga teknisk drift har gjennomført i 2017 og 2018. Gjennomgangen viser at ikkje alle anskaffingane som skulle ha vore det blei konkurranseeksponert, og at ikkje alle anskaffingane er dokumenterte i samsvar med krav i regelverket. Kommunen bryt slik med fleire av dei grunnleggande prinsippa for offentlege anskaffingar. Det er òg risiko for at kommunen gjer innkjøp utanfor inngåtte rammeavtalar.

Basert på funna i undersøkingane tilrår revisjonen at Lærdal kommune set i verk følgande tiltak:

- 1. Sikre at kvalitetsystemet i tilstrekkeleg grad blir tatt i bruk, og at det inneheld vesentleg informasjon*
- 2. Formulere tilstrekkeleg operasjonaliserte mål for tenesteområda i eininga teknisk drift*
- 3. Etablere og tydeleggjere rollar og ansvar for internkontrollarbeidet i kommunen og i eininga teknisk drift*
- 4. Innføre system for å etablere skriftelege rutinar, og for jamleg gjennomgang og oppdatering desse*
- 5. Iverksette tiltak for å betre avviksmeldekulturen, og etablere system for å gjere systematiske og jamlege overordna analysar av avvik som er meldte i verksemdene*
- 6. Vurdere om det er tilstrekkeleg fore målstenlege møte- og rapporteringspunkt i eininga teknisk drift*
- 7. Sikre at retningslinjer for innkjøp er i samsvar med regelverket, og at arbeids- og ansvarsdeling for innkjøp blir praktisert som forutsett*
- 8. Vurdere opplæringstiltak for å auke innkjøpskompetansen i organisasjonen*
- 9. Gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverket, under dette:*
 - a) konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med regelverket*
 - b) dokumentere og sikre føreseielegheit og likebehandling i tilbodsevalueringa*
 - c) protokollere innkjøp i samsvar med regelverket*

Tilråding frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til konklusjonen frå forvaltningsrevisjonen. Resultatet av forvaltningsrevisjonen viser at det er stort rom for forbetring i høve til organisering for å sikre god internkontroll i eininga. Det er og vist til brot på regelverket om offentlege anskaffingar.

Kontrollutvalet vil rå til at tilrådingane i rapporten vert følgt opp og sett i verk i det vidare arbeidet med å sikre kvaliteten i internkontrollarbeidet i kommunen, samt for å sikre at kommunen føl regelverket for offentlege innkjøp i kommunen. Kontrollutvalet har merka seg

at rådmannen i sitt høyringssvar sluttar seg til dei konklusjonar og tilrådingar som går fram av rapporten.

Kontrollutvalet vil be om at kommunen i oppfølginga av tilrådingane i rapporten må sjå til at dei tilrådingane som gjeld generelt for alle einingane i kommunen blir følgt opp i høve til den einskilde eining.

Kontrollutvalet er kjent med at det blir arbeidd med nytt delegeringsreglement i kommunen. Dette meiner kontrollutvalet er svært viktig å få på plass og ber administrasjonen om å prioritere dette arbeidet.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet med å følgje opp tilrådingane og vil be om ein statusrapport hausten 2020.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 4/2020 Orientering om budsjett for kontrollutvalet 2020

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	27.2.2020	4/2020

Framlegg frå sekretariatet:

Kontrollutvalet tek budsjettet for kontroll- og tilsynsarbeidet til vitande.

27.2.2020 KONTROLLUTVALET

KON- 4/20 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek budsjettet for kontroll- og tilsynsarbeidet til vitande.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 5/2020 Årsmelding for kontrollutvalet for 2019

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	27.2.2020	5/2020

Framlegg frå sekretariatet:

- Kontrollutvalet vedtek vedlagde årsmelding for 2019, med eventuelle korrigeringar som kjem til i møtet.
- Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret til orientering

27.2.2020 KONTROLLUTVALET

KON- 5/20 VEDTAK:

- Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2019
- Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret til orientering

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 6/2020 Selskapskontroll SIMAS

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	27.2.2020	6/2020

Framlegg frå sekretariatet:

Det vert sett i gang forvaltningsrevisjon av Simas IKS som eit samarbeidsprosjekt mellom kontrollutvala i kommunane Høyanger, Sogndal, Vik, Luster, Årdal, Lærdal og Aurland. Aurland kommune har ein gjeldande avtale med KPMG for selskapskontroll og forvaltningsrevisjon og revisjonen vert utført under denne rammeavtalen. KPMG inngår engasjementsavtale og fakturerer kvar enkelt kommune for 1/7 av kostnaden med forvaltningsrevisjonen.

Forvaltningsrevisjonen skal kontrollere om

- Simas har rett fordeling av kostnader mellom hushaldningsavfall og næringsavfall, under dette at gebyr frå hushalda ikkje vert teke inn og brukt til andre formål enn handsaming av hushaldningsavfall
- Om hushald og fritidsbustadar blir belasta rett gebyr (sjølvkost)

Kontrollutvalet og sekretariatet for Aurland bestiller kontrollen på bakgrunn av framlagt prosjektplan frå KPMG.

Vedtaket føreset at det vert gjort same vedtak i dei andre kommunane som er medeigarar i SIMAS.

27.2.2020 KONTROLLUTVALET

Sekretæren opplyste i møtet om at kontrollutvalet i Sogndal i sitt møte den 26.2 hadde tatt med fylgjande tillegg i vedtaket og kom med framlegg om at kontrollutvalet kunne ta med tilsvarende tekst:

«Sekretæren undersøker om revisor i prosjektplanen kan ta inn eit punkt i høve til å undersøke om drifta i SIMAS er kostnadseffektiv samanlikna med andre renovasjonsselskap. Kan ein gjere ei enkel undersøking av det generelle kostnadsnivået? Det er ein føresetnad at dette ikkje går på kostnad av hovudspørsmåla – og at ein ikkje nyttar meir ressursar enn det som er avsett.»

KON- 6/20 VEDTAK:

Det vert sett i gang forvaltningsrevisjon av Simas IKS som eit samarbeidsprosjekt mellom kontrollutvala i kommunane Høyanger, Sogndal, Vik, Luster, Årdal, Lærdal og Aurland. Aurland kommune har ein gjeldande avtale med KPMG for selskapskontroll og forvaltningsrevisjon og revisjonen vert utført under denne rammeavtalen. KPMG inngår engasjementsavtale og fakturerer kvar enkelt kommune for 1/7 av kostnaden med forvaltningsrevisjonen.

Forvaltningsrevisjonen skal kontrollere om

- Simas har rett fordeling av kostnader mellom hushaldningsavfall og næringsavfall, under dette at gebyr frå hushalda ikkje vert teke inn og brukt til andre formål enn handsaming av hushaldningsavfall
- Om hushald og fritidsbustadar blir belasta rett gebyr (sjølvkost)

Kontrollutvalet og sekretariatet for Aurland bestiller kontrollen på bakgrunn av framlagt prosjektplan frå KPMG.

Vedtaket føreset at det vert gjort same vedtak i dei andre kommunane som er medeigarar i SIMAS.

Sekretæren undersøker om revisor i prosjektplanen kan ta inn eit punkt i høve til å undersøke om drifta i SIMAS er kostnadseffektiv samanlikna med andre renovasjonsselskap. Kan ein gjere ei enkel undersøking av det generelle kostnadsnivået? Det er ein føresetnad at dette ikkje går på kostnad av hovudspørsmåla – og at ein ikkje nyttar meir ressursar enn det som er avsett.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 7/2020 Oppfølging i høve til plan for forvaltningsrevisjon

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	27.2.2020	7/2020

Framlegg frå sekretariatet:

Saka vert lagt fram utan tilråding, til drøfting og avgjerd i kontrollutvalet. Kontrollutvalet må vurdere om ein vil setje i gang bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt basert på eksisterande plan for forvaltningsrevisjon. Eller om kontrollutvalet vil utsette dette til ny plan for forvaltningsrevisjon er vedteken.

27.2.2020 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet drøfta, med bakgrunn i planen for forvaltningsrevisjon, kva prosjekt som er mest aktuelle i høve til gjennomføring av forvaltningsrevisjon i 2020.

KON- 7/20 VEDTAK:

Saka vert utsett til neste møte. Sekretæren blir beden om å sjekke opp status for kva tilsyn Fylkesmannen vil gjennomfør i Lærdal i 2020.

Samrøystes

Møtet slutt

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 9/2020 Skriv og meldingar - orienteringssaker

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 27.4.2020	Sak nr 9/2020
---	------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

VEDLEGG

Skriv til orientering for kontrollutvalet

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1		Rådmannen	Saksframlegg til formannskapet sak 87/20; Budsjettendring 2020
2		NKRF	Loven om midlertidige unntak fra bl.a. kimmuneloven og IKS-loven er fastsett

Drøftingssaker:

1. Kontrollutvalet bør drøfte kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen på komande møter i 2020

Aktuelle tema kan t.d. vere:

- Oppfølging av tilrådingane som kom i forvaltningsrevisjonsrapporten om økonomistyring i 2017 – status på gjennomførte tiltak
- Innkjøpsregelverket i kommunen og korleis dette blir praktisert.
- status på gjennomføring av investeringsprosjekt – sluttregneskap for nye omsorgsbustader
- status på oppfølging av internkontroll i kommunen (system for avvikshandtering)
- status samhandlingsreforma
- resultat av brukarundersøkingar i kommunen
- oppfølging av forvaltningslova – status innsynskrav og oppfølging av desse

Orienteringar i møtet:

Kontrollutvalet har bedt om orientering om frå administrasjonen om følgjande saker:

1. Ei orientering om status på pågåande utbygging av VA-anlegg i kommunen – held ein framdriftsplanar for gjennomføring og er ein innanfor budsjett?
2. Ein tilstandsrapport for dei kommunale vassverka.
3. Ein oppdatering av status på sjukefråværet i kommunen
4. Status på saka som ligg i KOFA
5. Ein oversikt over vedtaka i kommunestyret i 2019 og orientering om i kva grad vedtaka er gjennomført

Vidare vil rådmannen orientere om kommunen sitt arbeid og beredskap i høve til COVID-19-situasjonen.



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
087/20	Formannskapet	23.04.2020
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Lars Bogstad	Arkiv: K1-150	Arkivsaksnr. 19/1353 - 37
-----------------------------	---------------	---------------------------

Budsjettendring 2020

Kort samandrag:

Då det for året 2020 er komme vesentleg endringar på inntekter og utgifter for Lærdal kommune vert det tilrådd å gjere budsjett endringar på ein del av ansvarsområda.

Rådmannen si tilråding:

Rådmann tilrår å gjere desse endringane i vedteke budsjett.

Eigedomsskatt - verker og bruk	1 100 000	
Konsesjonskraft netto	1 500 000	
Ansvar 116 - Landbruk		120 000
Ansvar 129 - Lærdalsøyri skule		300 000
Ansvar 130 - Bu og miljøteneste		1 809 000
Ansvar 162 - 164 Teknisk drift		336 000
	2 600 000	2 565 000
Avsetning til disposisjonsfond	-35 000	
Sum budsjett endringar	2 565 000	2 565 000

Differanse mellom auka inntekter og auka kostnader er kr 35 000 som ved balansert med å auke avstenginga til disposisjonsfondet med kr 35 000

Nytt driftsbudsjett 2020 for Lærdal ser slik ut:

Driftsbudsjett 2020	Budsjett 2020 Vedtak 12.12 i KS	Budsjett endring 1. tertial 2020
Skatt på inntekt og formue	74 863 000	74 863 000
Rammetilskot	74 501 000	74 501 000
Eigedomsskatt - verker og bruk	14 400 000	15 500 000
Rentekompensasjon eldreomsorg / tilskot	669 000	669 000
Rentekompensasjon skule / tilskot	107 000	107 000
Konsesjonsavgift (inntekt)	7 402 000	7 402 000
Konsesjonskraft netto	16 500 000	18 000 000
SUM FRIE INNTEKTER	188 442 000	191 042 000
Renteinntekter	550 000	550 000
Utbyte SFE	1 000 000	1 000 000
Utbytte - Okken Kraft A/S	7 000 000	7 000 000
Renteutgifter lån	-6 700 000	-6 700 000
Netto renteutgifter/-inntekter	1 850 000	1 850 000
Mottekne avdrag på lån	100 000	100 000
Avdragsutgifter lån	-13 100 000	-13 100 000
Netto avdragsutgifter	-13 000 000	-13 000 000
NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER	-11 150 000	-11 150 000
TIL FORDELING	177 292 000	179 892 000
Til driftsrammer:		
Ansvar 100 - Politisk styring og kontroll	3 486 000	3 486 000
Ansvar 110 - Rådmann	2 577 900	2 577 900
Ansvar 111 - Kyrkja og andre trussamfun	2 764 700	2 764 700
Ansvar 112 - Næringsføremål		
Ansvar 113 - Stab/støtte	12 959 600	12 959 600
Ansvar 114 - Plan og forvaltning	1 639 000	1 639 000
Ansvar 115 - Eigedomsforvaltar	-1 632 400	-1 632 400
Ansvar 116 - Landbruk	1 726 900	1 846 900
Ansvar 120 - borgund oppveksstenter	6 530 000	6 530 000
Ansvar 123 - Lærdalsøyri barnehage	11 808 500	11 808 500
Ansvar 129 - Lærdalsøyri skule	22 330 800	22 630 800
Ansvar 130 - Bu og miljøteneste	14 944 000	16 753 000
Ansvar 131 - Helse	6 463 500	6 463 500
Ansvar 132 - NAV kommune	3 687 300	3 687 300
Ansvar 133 - Pleie og omsorg	35 058 800	35 058 800
Ansvar 134 - Barnevern	5 029 400	5 029 400
Ansvar 135 - Flyktingtenesta		
Ansvar 136 - Sogn LMS	4 044 800	4 044 800
Ansvar 137 - Matforsyning	3 499 000	3 499 000
Ansvar 151 - Kultur og formidling	5 939 400	5 939 400
Ansvar 162 - 164 Teknisk drift	16 671 900	17 007 900
Ansvar 163 - sjølvkost vatn og avlaup		
Ansvar 176 pensjon ufordelt		
Avsetning til lønsreguleringsfond	3 300 000	3 300 000
Sum fordelt til driftsrammer	162 829 100	165 394 100
Disposisjonar:		
Avsetning til disposisjonsfond	-5 110 900	-5 145 900
Avsetning til næringsfond (konsesjonsavgift)	-7 402 000	-7 402 000
Avsetning til næringsfond (mottekne avdrag)	-100 000	-100 000
Avsetning til fond (mottekne renter)	-350 000	-350 000
Avsetning til auka pensjonskostnadar	-500 000	-500 000
Midlar til vedlikehaldsfond	-1 000 000	-1 000 000
Avsetning til ressurskrevjande brukarar		
Avsetning til prosjekt organisasjonsutvikling		

Saksutgreiing

Etter at budsjettet for 2020 vart vedteke er det komme inne endringar som gjer at budsjettet for 2020 ikkje er realistisk.

Overordna inntekter:

Inntekter på eigedomskatt vert auka med 1,1 mill ny budsjettsum 15,5 mill

Inntekter på netto konsesjonskraft vert auka med 1,5 mill til budsjettsum 18 mil

Teneste områda:

Ansvar 162 Tekniske drift

Lærdal kommune har ein medarbeidar som fekk refundert løna gjennom fagforbundet, 1. januar slutta han i fagforbundet og gjekk tilbake til si stilling som fagarbeidar på tekniske tenester i 40% stilling. Auke ramma til tekniske tenester med kr 336 000. Ramma til ansvar 110 rådmann kan ikkje reduserast då lønsutgiftene der vart refundert av fagforbundet og netto budsjettet er kr 0,-

Ansvar 116 Landbruk

Ber om at det vert lagt inn auka budsjett for 2020 med **kr 120.000** for Felles Landbrukskontor ÅLA

Grunngjeving:

I samband med kommunereforma har kommunane fått overført nye arbeidsoppgåver frå 2020. Dette gjeld mellom anna forvaltninga av ulike tilskotsordningar. For Lærdal kommune gjeld dette spesielt forvaltning av midlar til *Utvalde kulturlandskap Lærdal*. Felles Landbrukskontor ÅLA har behov for auka kapasitet, og det vert bedt om auka budsjetttramme for 2020 med kr 120.000.

Ansvar 129 Lærdalsøyri skule

Ramma på ansvar 129 Lærdalsøyri skule må aukast med kr 300 000,-. Grunna feil i rekneark som vart brukt i budsjettprosessen er det budsjettert for lite fastløn.

Ansvar 130 Bu og miljøtenesta

Det er i løpet av dei fyste månadane i 2020 komme til ein ny brukar på STH, dette utgjer 3,7 årsvek. Dette vil koste Lærdal kommune kr 1 809 000 meir i 2020, då er refusjon frå staten for ressurskrevjande brukarar trekt frå.

Økonomiske konsekvensar

Etter at budsjettet for 2020 var lagt er det komne til nokre endringar. Det er auke i frie inntekter på til saman kr 2 600 000,-og det er meldt inn endringar i netto rammene på kr 2 565 000,- differanse på kr 35 000,- vert balansert med å auke avsetninga til disposisjonsfondet med kr 35 000,-



Loven om midlertidige unntak fra bl.a. kommuneloven og IKS-loven er fastsatt

Publisert 17.04.2020

Den midlertidige loven utvider fristene for regnskapsrevisor og årsregnskapene og -beretningene 2019, åpner for fjernmøter i IKS'er og lempet på valgbarheten til kontrollutvalget.

Utbruddet av Covid-19 fører med seg en rekke utfordringer for kommuner, fylkeskommuner og andre. Det vil kunne oppstå situasjoner hvor det verken er mulig eller forsvarlig å oppfylle alle kravene som følger av gjeldende kommunelov og lov om interkommunale selskaper (IKS).

Den [midlertidige loven](#), som trer i kraft straks og oppheves 16. september 2020, skal avhjelpe enkelte negative konsekvenser av utbruddet av Covid-19 og tar blant annet sikte på å

- gi realistiske og forsvarlige frister for avleggelse og vedtak av enkelte dokumenter etter kommuneloven
- åpne for fjernmøter for alle organer i et interkommunalt selskap
- åpne for at medlem av kontrollutvalget kan være midlertidig ansatt i kommunen eller fylkeskommunen for å gjøre arbeid knyttet til utbruddet av Covid-19, og fremdeles være valgbar til kontrollutvalget

Departementet har i dag også fastsatt en [midlertidig endring i forskrift](#) om budsjett og regnskap interkommunale selskaper. Endringen gir representantskapet i interkommunale selskaper utsatt frist til å fastsette regnskapet sitt. Den nye fristen er også her 15. september 2020.

Loven:

§ 1 Formål

Formålet med loven er å legge til rette for å avhjelpe konsekvensene innenfor kommunal sektor av utbruddet av Covid-19, for å sikre hensiktsmessige og forutsigbare beslutningsprosesser for kommunene og fylkeskommunene.

§ 2 Valgbarhet til kontrollutvalget

Dersom et medlem av kontrollutvalget i en kommune eller fylkeskommune er midlertidig ansatt i kommunen eller fylkeskommunen for å gjøre arbeid knyttet til utbruddet av Covid-19, skal medlemmet uten hinder av kommuneloven § 23-1 tredje ledd bokstav f fremdeles være valgbar til kontrollutvalget.

§ 3 Utvidet adgang til skriftlig saksbehandling

Et organ kan behandle en sak ved skriftlig saksbehandling etter kommuneloven § 11-8 andre ledd med mindre minst 1/3 av organets medlemmer motsetter seg at vedtaket treffes etter skriftlig saksbehandling.

§ 4 Adgang til fjernmøter og elektronisk signatur i interkommunale selskaper

Representantskapet, styret og avviklingsstyret i interkommunale selskaper etter IKS-loven kan gjennomføre møter som fjernmøter. Kommuneloven § 11-7 og forskrifter gitt med hjemmel i § 11-7 fjerde ledd, gjelder tilsvarende så langt de passer.

Medlemmer av representantskapet, styret og avviklingsstyret kan benytte elektronisk signatur for å signere protokoller fra møter.

§ 5 Frister for regnskapsrevisor og vedtak om årsregnskap og årsberetning

Regnskapsrevisor skal senest 15. juni 2020 avgi revisjonsberetning til årsregnskapene og årsberetningene for 2019.

Årsregnskapene og årsberetningene for 2019 skal vedtas senest 15. september 2020.

Regnskapsrevisor skal senest 15. september 2020 avgi en skriftlig uttalelse om resultatet av den forenklete etterlevelseskontrollen etter kommuneloven § 24-9.

§ 6 Frist for årlig innberetning om inntekter og kostnader for politiske partier

Partier og partiledde som nevnt i partiloven § 1 tredje ledd annet punktum skal senest 15. september 2020 avgi årlige innberetninger om inntekter og kostnader i perioden 1. januar til 31. desember 2019 og eiendeler og gjeld per 31. desember 2019.

§ 7 Virkning for Svalbard

Lovens §§ 2, 3 og 5 gjelder tilsvarende for Longyearbyen lokalstyre på Svalbard.

§ 8 Lovens ikrafttredelse og opphevelse

Loven trer i kraft straks.

Loven oppheves 16. september 2020.

Her kan du se hele saksgangen ved Stortingets behandling av loven:

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=79327>

Del artikkelen:   

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 11/2020 Oppfølging i høve til plan for forvaltningsrevisjon

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 27.4.2020	Saknr 11/2020
---	------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Saka vert lagt fram utan tilråding, til drøfting og avgjerd i kontrollutvalet. Kontrollutvalet må vurdere om ein vil setje i gang bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt basert på eksisterande plan for forvaltningsrevisjon. Eller om kontrollutvalet vil utsette dette til ny plan for forvaltningsrevisjon er vedteken.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	2016		Plan for forvaltningsrevisjon

Uprenta vedlegg (sendt ut på e-post): Overordna analyse

BAKGRUNN

Saka var oppe til drøfting i møtet 27.02.2020. Saka vart utsett til dette møtet og sekretæren fekk i oppgåve å sjekke opp status for planlagte tilsyn frå Fylkesmannen i 2020.

Vi har vore i kontakt med Fylkesmannen og det er planlagt eit tilsyn i Lærdal i 2020. Dette er på utdanningsområdet og gjeld tilsyn med elevane sitt utbyte av opplæringa. Dette er tidfesta til veke 18.

Vi viser til saksutgreiinga i sak 7/20 og tek opp att delar av innhaldet:

Vedlagt er lista over prosjekt i eksisterande plan:

1. Forvaltningsrevisjon av økonomistyring (gjennomført)
2. Forvaltningsrevisjon av internkontroll og verksemdsstyring innan teknisk sektor (gjennomført)
3. Forvaltningsrevisjon av heimetenesta
4. Forvaltningsrevisjon av tildeling av pleie- og omsorgstenester
5. Forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta
6. Forvaltningsrevisjon av arbeidet med psykisk helse og rusomsorg
7. Forvaltningsrevisjon av eigedomsforvaltninga
8. Forvaltningsrevisjon av Sogn lokalmedisinske senter

SAKSUTGREIING

Kommunestyret har i budsjettet for 2020 avsett kr 180.000 til gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Ut frå dette må ein i møtet ta ei vurdering av om ein vil fylgje eksisterande plan for forvaltningsrevisjon og velje eit av prosjekta som er skissert i denne. Ein kan og kombinere element frå fleire av forslaga. Prosessen vidare vil då vere at kontrollutvalet ber om å få utarbeidd ein prosjektplan frå forvaltningsrevisor (KPMG) på dette til neste møte.

Kontrollutvalet må såleis gjere ei vurdering av kva prosjekt ein meiner er mest relevant og gir mest nytte for kommunen å gjennomføre no.

I møtet bør derfor følgjande forhold diskuterast/avklarast:

- Kva av dei prosjekta som er lista opp i plan for forvaltningsrevisjon er etter kontrollutvalet sitt syn det området i kommunen med mest behov for ettersyn?
- Kan ein kombinere element frå fleire av forslaga

Alternativet for kontrollutvalet vil vere å ikkje setje i verk nokon ny forvaltningsrevisjon i 2020 og ikkje bruke dei budsjetterte midlane.

Det vert vist til planen for forvaltningsrevisjon (vedlegg 1) og den overordna analysen (uprenta vedlegg) for nærare informasjon om dei enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekta.

2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avhenger av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til prosjekta.

Under kvart prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Prosjekt	Nøkkelpunkt
1 Forvaltningsrevisjon av økonomistyring	<ul style="list-style-type: none"> • Internkontroll • System og rutinar for budsjettering og rapportering • Oppfølging av budsjett i tenestene • Iverksetting av innsparingstiltak og effekt av desse • Samhandling
2 Forvaltningsrevisjon av internkontroll og verksemdstyring innan teknisk	<ul style="list-style-type: none"> • Strategi og planarbeid • Kontrollmiljø • System og rutinar for utføring av tenestene • Oppfølging • Avviksmeldingar og avvikshandtering
3 Forvaltningsrevisjon av heimetenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Ressursbruk • Organisering • Kapasitet • Sjukefråvær
4 Forvaltningsrevisjon av tildeling av pleie- og omsorgstenester	<ul style="list-style-type: none"> • Handsaming av søknader om tenester • Kriterium for tildeling og likebehandling • Samsvar mellom tildeling og utføring av tenester • Evaluering av tildelte tenester • Samhandling mellom tildelingskontor og utførande einingar/tilsette
5 Forvaltningsrevisjon av barneverntenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Internkontroll • Sakshandsaming • Tiltaksplanar og evaluering av desse • Samhandling med andre tenester for barn og unge
6 Forvaltningsrevisjon av arbeidet med psykisk helse og rusomsorg	<ul style="list-style-type: none"> • Organisering • Ressursbruk • System og rutinar • Kvalitet i tenestene • Samhandling med andre tenester
7 Forvaltningsrevisjon av eigedomsforvaltninga	<ul style="list-style-type: none"> • Vedlikehald og inneklima • Vaktmestertenesta og reinhald • Internfakturering • Samhandling med brukarar av bygga • Avviksmelding og avvikshandtering

8	Forvaltningsrevisjon av Sogn lokalmedisinske senter (LMS)	<ul style="list-style-type: none">• Organisering• Samhandling• System og rutinar• Ressursbruk
----------	---	--

Rekkefølga for prosjekta kan kontrollutvalet avgjere. Dersom kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.